

Åpningstalen for 8. januar 2011  
Sjømilitære Samfunds Nyttårsball, Håkonshallen, Bergen  
Sjømilitære Samfunds 175 års jubileum  
Av Kommandør President Anders Lekven

Kjære godfolk frå aust og vest,  
da e ei glede for meg å ynskja dåke adle velkommen til kveldens fest.  
Da e sjølvsagt både eit privilegium og ei ære og opne årets  
jubileumsball,  
Sjømilitære Samfund er 175 år – sanneleg eit voksent tall.

I kveld e me 285 gjestar rundt SMS sitt stolte bord,  
eg tek det som eit prov på godt samhald og at støtta til vårt arbeid er  
stor.  
Admiralar og Korporalar – lensmann og prest,  
her e adle gjester i finstasen - pynta til jubileumsfest.

Ikkje bærre folk i kongens klær støtter den sjømilitære saka,  
her er adle viktige brikker i arbeidet med den nasjonale kaka.  
Om me skal lukkas med SMS sin taktikk og strategi,  
e da viktig at me jobbar får å få dei sentrale aktørar på gli.

Dette året har me markert jubileèt med brask og bram,  
Sosiale lag, foredrag og seminar – med ein og annan dram.  
Gamle og nye vener har møttes til arbeid og dugnad i god harmoni,  
det maritime Norge er i fokus, og våre kjernesaker har god gli.

"Betre byrdi du ber 'kje i bakkjen en mannavit mykje" – har Håvamål  
stadfest,  
ei viktig påminning når SMS samlast både til arbeid og fest.  
For Sjøforsvarets tarv og utvikling - heiter det i SMS sine statutter,  
det seier seg sjølv at då trengs dei beste jenter og gutter.

Så i kveld skal me feira SMS med stil og ære,  
men realitetane vil vi møte når vi polenese skal fære.  
Haakons Hall - som i kveld e fylt til randen - kan føra til kollisjon,  
men med kompakte trinn skal me også ha siste paret inn i formasjon.

Haakons Hall - som Norges storstove i 750 år - har stolte band,  
kvar kunne vel SMS betre være når me i kveld feirar hand i hand.  
Bygd for å verge vår Konge og nasjonale ære,  
dei same verdier som Sjømilitære Samfund held så kjære.

Lat oss difor mimra og kosa oss her i kvelden med god mat og drikke,  
urolege tider og terrortrussel skal ikkje vår kveld få rikkje.  
SMS skal bane veg for at generasjoner vil møtes og våre mål nå,  
Sjøforsvaret og våre vener skal danne grunnlag for at Norge for alltid  
skal bestå.

Med desse orda - på haltande rim og stottrande dialekt,  
e da ei ære å konstatere at borda er dekt.  
Måtte maten smake og dialogen gå,  
no e da opp til oss å gjere kvelden minnerik og sørge for at dei gode  
minner vil bestå!

Tusen takk for oppmerksomheten - Lykke til med kvelden – og som  
Bergensmadammene ville sagt det: - Bon Appetit!

\*\*\*

Da er det en glede for meg å introdusere kveldens visevert – Jan  
Andersen Gott som sammen med sin Marit har tatt turen over fjellet for  
å guide oss trygt gjennom kveldens jubileumsball.